

Kontrollutvalets rapport for 2021

I samsvar med NIF si lov § 2-12 avgjev kontrollutvalet i Bratte Rogalands Venner (BRV) med dette sin rapport.

Kontrollutvalets oppgåver

Kontrollutvalet skal sjå etter at klubben vert driven i samsvar med organisasjonsleddet og overordna organisasjonsledd sitt regelverk og vedtak, og ha særleg fokus på at organisasjonsleddet har forsvarlig forvaltning og økonomistyring, at midlar vert nytta i samsvar med lover, vedtak, bevilgningar og økonomiske rammer.

Kontrollutvalet skal framleggjast alle forslag til vedtak som skal behandlast på årsmøte/ting, og avgje uttale til dei saker som ligg innanfor sitt arbeidsområde.

Kontrollutvalet skal føra protokoll over eigne møter og avgje rapport til årsmøtet.

Kontrollutvalet har utført fylgjande handlingar

Kontrollutvalget har siden forrige årsmøte hatt fleire møter saman med styreleiar, dagleg leiar og kasserar, i tillegg til epostkommunikasjon.

2021/2022 har vore eit krevjande år for BRV der pandemi, silosaka med ekstraordinært årsmøte og avgang av styreleiar har gjeve mykje arbeid for styret. I alle desse sakene har kontrollutvalet vore informert og har kome med uttaler relevante til utvalet sitt arbeidsområde. I forkant av behandling av silosaka i ekstraordinært årsmøte hadde kontrollutvalet også eit eige møte med representant for silofondet. Eigen rapport vart skriva og presentert for ekstraordinært årsmøte 24 oktober.

Utvalget har hatt tilgang til og gjennomgått protokoll for årsmøtet 2021, styrets møteprotokollar, samt andre dokument utvalet har funnet det nødvendig å gå gjennom. Me har fått alle opplysningar som utvalet har sett nødvendige fra idrettslagets styre og dagleg leiar. Me har vidare gått gjennom styret sin årsberetning for 2021, det styregodkjente årsrekneskapet for 2021 og hatt oppsummerande møte med styrets leiar, kasserar og dagleg leiar 9 februar 2022.

Kontrollutvalet har gjennomgått Norges Idrettsforbund si sjekklister for klubbar utan engasjert revisor. Utvalet har hatt direkte tilgang til rekneskapssystemet (Tripletex) der klubbens rekneskap vert ført av firmaet Bokholderiet Hinna As. Kontrollutvalet har der gjort punkt- og kryssjekkar av posteringar og rekneskap.

Balansen viser idrettslagets eigendelar og midlar og er kontrollert mot underliggjande dokumentasjon. Me finn at alle balanseverdiar er reelle pr 31.12.

Rekneskapet viser eit overskot på kr 251.891, og ved årsavslutting 2021 er den frie eigenkapitalen auka med kr 283.548 samanlikna med 2020 og er no på totalt kr 1.343.539, der kr 655.956 er plasseringar i Skagenfondet som vil verta avslutta i samsvar med vedtak gjort i ekstraordinært årsmøte.

Kontrollutvalet har fylgjande merknadar til forvaltninga av idrettslaget:

Kontrollutvalet oppfordra styret i 2021 til å utarbeida krav til eigenkapital for klubben. Føremålet med dette var å betre kunne reflektera og fundamentera planar definert i Handlingsplan som eventuelt krev større grad av eigenkapital, og samstundes ha ein buffer som sikrar drift av klubben dersom ein skulle få større grad av uforutsette utgifter eller tap av inntekter enn budsjettet. Styret har no gjennomført dette og konkludert med at klubben bør ha eit minimum av kr 400.000 som eigenkapital.

Ein buffer som eigenkapitalen representerer vil også redusera risiko for klubben ved tilsetjingar i fast stilling og/eller engasjement i ei prosentstilling. Kontrollutvalet vil også presisera at nye tilsetjingar bør vera forankra i årsmøtet og spesifisert i handlingsplan og budsjett.

Kontrollutvalet har fylgjande merknadar til det framlagte rekneskapet:

For årsrekneskap 2021:

- I presentasjon av rekneskapen for 2021 er det i stor grad gjort bruk av store sekkepostar der fleire typar inntekter er slått saman. Dette gjev hurtig oversikt, men grad av manglande detaljering gjev også manglande innsyn. For årets rekneskapspresentasjon er dette løyst med meir detaljar i notar. Kontrollutvalet ber styret vurdere noko meir granularitet i resultatrekneskapen ved framleggjing til neste årsmøte (i 2023)
- Løn til dagleg leiar bør spesifiserast i notar. Kontrollutvalet anbefalar at godgjersla til styret også spesifikt bør koma fram i notar.

Rekneskapen er ført av Kenneth Nilsen i Bokholderiet Hinna AS med et honorar pr kr 26.900 for 2021.

Kontrollutvalet opplever at dagleg leiar og styret gjennom året har tett oppfølging av regnskapet og har hatt dedikert kassererverv med hovudansvar for dette.

For året 2022 legg styret fram budsjett som viser eit overskot som går i balanse, med kr 525 i overskot.

Konklusjon

Kontrollutvalet tilrår at styrets beretning og idrettslagets årsrekneskap for 2021 vert godkjent av årsmøtet.

Stavanger, 5 mars 2022



Lars Gjerdåker, leiar



Rune Endresen, varamedlem

Medlem av kontrollutvalet Mette Mathieu gjekk ut av utvalet 18 januar 2022.